

Sunnhordland

BILAG TIL SUNNHORDLAND FREDAG 20. MAI 1994

handball
ekstra



Festivaltrollet kjem...

Allereie fem dagar før Handballfestivalen byrja, synte Festivaltrollet seg fram på Stord.

I Borgartøget 17. mai gjekk trollet saman med handballgruppa - som ein slags generalprøve på det verkeleg store og fargerike toget, nemleg defileringa frå Leirvik skule til torget laurdag foremiddag.

Festivaltrollet melder om at det vil vera med på festivalen heile pinsen.

Gratis opphald..

Under opningsseremonien vert det trekt ut to lag som får gratis opphald ved Handballfestivalen 1995. I fjor var det Tertnes J-12 og Rival G-12 som vart trekt ut, og dei har altså gratis opphald i år.



5-års jubileum!

For 5. året på rad inviterer Stord Turn & Idrettslag til handballfest i pinsehelga. Det heile byrja med 84 lag, og i år kjem 217 lag til Stord.

Neste år kolliderer Handballfestivalen med 1000 års jubileet på Moster. Dermed blir det ikkje ei hotellseng å oppdriva på heile Stord. Det blir spånande å sjå kva handballgruppa i ST&I greier å få til neste år. Kan hende arrangementet må flyttast? Kanskje til Kristi Himmelfartsdag?

Handballgruppa i Stord Turn- og Idrettslag har ikkje diskutert dette enda, og me får venta i spaning for å sjå kva arrangøren finn på. Ein ting er sikkert - Handballfestivalen på Stord er komen for å bli.



Torger ynskjer velkomen

Torger Tvedten er ny festivalleiar i år.

Les velkomsthelsinga hans

side 2.



Cecilie Leganger..

...er invitert til festivalen i år. Viste du forresten at ho ti år gamal slutta med handball for å spela fotball?


Meir om Cecilie på side 3

Velkomen til Stord

Det er ei glede å kunna ønska deltakarar og leiarar velkomne til Handballfestivalen 94. Stord kommune har 15 000 innbyggjarar og er ein viktig industrikommune med store offshore-verksemdar som Aker Stord, Aker Elektro og Leirvik Sveis som beryktede i næringslivet. Kommunen er elles eit viktig høgskulesenter med mellom anna lærarhøgskule og sjukeleiarhøgskule, slik at her alltid er eit sterkt innslag av ungdom. Kommunen har i alle år hatt som målsetjing å gje gode vilkår for aktiv idrett. Idrettslagene her har då også greidd å få fram utovarar i toppklasse innanfor fleire ulike idrettar. Mykje av æra for dette skal dei mange sers dugande idrettsleiarane ha. Dei har sett verdien av å henta inspirasjon utanfrå og har lagt mykje arbeid i å byggja opp organisasjonar som kan ta på seg slike store tilskipingar som noregsmeisterskap, landskampar osv. På Stord er me stolte av øya vår og kommunen vår og set stor pris på å få gjester frå heile landet. Me legg vekt på at alle som vitjar oss skal få eit godt og minnerikt opphald her, slik at dei får lyst til å koma tilbake



seinare og også i andre samanhengar. I trygg forvisning om at tilskaparstaben vil leggja alt til rette for eit fint arrangement og for at alle skal føla at dei blir tatt hand om på aller beste måte, ønskjer eg lukke til med opphaldet og kampene.
Med helsing
Magne Rommetveit, ordførar



•• Torgeir Tvedten har teke over som festivalleiar i år. Han har hatt mange ballar i lufta samtidig, og då gjeld det å ha kontroll ...

Velkomen til Handballfestivalen 1994

Det er i år 5. gong me arrangerer Festivalen som på mange måtar er eit høgepunkt for handballgruppa i Stord Turn & Idrettslag. Rettnok har me mange sportslege spennande opplevingar gjennom ein hektisk sesong både i ungdomsavdelingen og på våre to seniorlag. Men festivalen blir liksom eit klimaks, ei totalmobilisering der heile gruppa, spelarar, trenarar, styre, foreldre og støttespelarar frå kommune og private verksemdar stiller opp på ein fantastisk måte. Me har som tidlegare lagt opp til at det sportslege og det opplevingsmessige skal ha god kvalitet. Handball som all

nan idrett skal vera gøy! Å vinna kampar skal vera viktig, men ikkje avgjerande for korvidt kvar og ein av gjestene våre har ei triveleg oppleving på Stord i pinsen. Ein individuelt sportsleg prestasjon som sprenger grenser kan vera viktigare enn at laget vinn kampen. Vinn ein kampen i tillegg er det glimrande, men tapar laget kan det likevel finnast vinnarar. Ei styrking av samhaldet i laget kan gje sportslege resultat. Stord er ei spennande øy idrettsleg. Den nye idrettshallen de ser reisa seg oppar heilt nye dimensjonar for det me driv med og for idretten i regionen generelt.

Med mange driftige naboklubbar til Stord vil Sunnhordland kunna bli eit handballmessig tyngdepunkt i landet. Ei idrettsline på vidaregåande skule med påbygging på Høgskulesenteret vil styrkja dette. Men no er det Festival. 217 lag skal kjempa om premiar, om å bli betre og om å ha det kjekt og triveleg saman med idrettsvenner. Eg håpar alle gjester vil gjera sitt til at pinselaget vert ei positiv oppleving. Alle me i arrangørstaben vil i alle fall gjera vårt for å innfri forventningar, - me har dessutan ein heil del sjølv.

Torgeir Tvedten, Festivalleiar

Handball og Sportsturisme

- Handballfestivalen er eit glimrande døme på Sportsturisme i praksis, der Stord kommune i samarbeid med næringsliv og idrettslag skapar ein stor aktivitet. Dette gjer at det blir økonomisk vinst for både idrettslaget og det lokale næringslivet på øya. Stord har mange idrettsarrangement denne sommaren. I tillegg til festivalen har me Barne-turnstemne, NM i friidrett for veteranar og Puttefestival i fotball. Det er lagt ned mykje tid og krefter i førebuinga til festivalen, og utan hjelp frå frivillige hadde det aldri vorte noko arrangement. Derfor rettar eg ein spesiell takk til festivalleiar Torgeir Tvedten. Ein spesiell



takk også til Anne Kvalheim som sidan februar har jobba dagleg med praktiske gjeremål kring festivalen.

Formann i handballgruppa, Prosjektleiar Vikahaugen, Idrettspark/Sportsturisme Magne Jostein Mikkelsen



Anne ordnar opp

Kvar skal me overnatta? Kva kan me gjera i fritida? Når går ferja laget mitt skal reisa med? Heilt sidan februar har Anne Kvalheim arbeidd på festivalkontoret på Stord Stadion. Har du hatt spørsmål vedkomande handballfestivalen og ringt til festivalkontoret, ja då er det Anne du har snakka med på te-

•• I fire månader har Anne arbeidd på festivalkontoret

lefonen. Ho har svara på all slags spørsmål, teke imot påmeldingar, formidla ønske om overnattingsplassar, gitt melding om transporttider - for å nemna noko av oppgåvene. Under handballfestivalen møter du Anne i hovudsekretariatet, der ho saman med åtte andre skal få informasjon og resultat ut til deltakarar og publikum.

Nøkkelpersonar

| | |
|------------------|---------------------------|
| Fritid: | Målfrid Nøstbakken |
| Overnatting: | Atle Amble |
| Dagleg kontakt: | Anne Kvalvik |
| Frukost: | Ellen Hauge, Karen Molvær |
| Middag: | Anne Karin Lillebe |
| Kiosk: | Else Marie Lillebe |
| Banar: | Jostein Bolset |
| Tryggleik: | Roar Gjermstad |
| Sponsor/Økonomi: | Magne Jostein Mikkelsen |
| Festivalleiar: | Torgeir Tvedten |

I tillegg til nøkkelpersonane me har nemnt, er det hundrevis av frivillige foreldre (og andre), som hjelper til under festivalen.

Sunnhordland

HANDBALLEKSTRA

Tekst: Marit Hæreid — Fotos: Tor Resser/Marit Hæreid
Bilag til Bladet «Sunnhordland», Stord, fredag 20. mai 1994
Opplag: 11.000

- Ta ikkje handballen for alvorleg

Namn: Cecilie Leganger
Alder: 19 år
Adresse: Stokkedalen
Bil: Mazda 121
Skule: Fyllingsdalen vg. skule (russ i år)
Klubb: Tertnes (tidlegare Fyllingen)

- Visste du at Cecilie byrja spela handball når ho var ti år - og slutta etter to månader fordi det var kjekkare å spela fotball?

Fem år etter at ho starta opp igjen med handballen, vart ho kåra til verdas beste handballspelar - under VM i Sverige. I år er Cecilie Leganger invitert til Handballfestivalen, saman med Sven Tore Jacobsen, Ivica Rimanic og Morten Haugstvedt. På Stord skal ho vera med på ulike arrangement, mellom anna keeperskule og impulsarrangementar. Ho skal også vera instruktør for dei som vil ta teknikkmerke i Rackethallen søndag.

Valde handballen

Ho har ikkje alltid kasta handball, Cecilie Leganger. Fram til ho var 14 år var ho innom både turn, fotball, basketball, symjing og friidrett. Til slutt enda det opp med fotball og handball.

- Eg spelte begge deler fram til eg var 14 år. Då valde eg handballen, fordi det var gøyast. Dessutan var eg litt trøytt fotballen, seier Cecilie.

Fleire idrettar

At ho var med på forskjellige ting då ho var yngre, tykkjer ho berre er positivt. Det har ho fått igjen for som handballspelar idag.

- Det er utruleg viktig å driva med mange idrettar. Til og med no, når eg er nitten år, er det bra å driva med forskjellige ting. Det er viktig for koordinasjonen, og eg utviklar fleire sider ved meg sjølv. Eg trur eg blir ein betre handballspelar når eg får driva med annan trening og, meiner Cecilie.

- Har du alltid vore «god» handballspelar?

- Eg har alltid likt å driva idrett. Og så lenge eg har interesse og prøver å gjera det beste eg kan - då går det som regel bra, meiner Cecilie.

Trenar kvar dag

- Kor mykje må ein trenar for å bli god?

- Eg trenar mest kvar dag. Tre dagar i veka med løpetrening pluss to dagar vektetrening. Men då eg var yngre, trente eg to gonger i veka. Det var nok den gongen, legg ho til.

Russefering

Cecilie Leganger er russ i år, og tidlegare denne veka, til 17. mai, var ho med på russefeiringa saman med venner og klassekameratar.

- Eg tek fyrste del av 3. klasse på Fyllingsdalen vidaregåande skule. Ved å ta siste skuleåret over to år, får eg tid til å satsa meir på handball. Dessutan får eg meir tid til andre ting, og det betyr mykje for meg, seier Cecilie.

- Visste du forresten at Cecilie spelar piano?

- Ja, eg pleier å klunka litt for meg sjølv. Eg spelar faktisk ganske ofte, seier ho.

Verdas beste spelar

Under VM i handball i Sverige november/desember, vart Cecilie kåra til verdas beste spelar. Berre fem år etter at ho valde å satsa på handball.

- Sjølv om eg har gjort det veldig bra tidlegare, kjem det alltid dårlege periodar innimellom. Det er viktig at eg ikkje trur eg er betre enn det eg egentleg er akkurat no. Dermed må eg jobba vidare framover for å bli enda betre, meiner Cecilie, og legg til at neste sesong skal ho spela for Tertnes.

Råd

- Har du nokon råd til handballspelarane på festivalen?
 - Det må vera at dei ikkje tek handballen for alvorleg. Handball skal vera gøy. Om du vinn ein kamp, skal du sjølvsgatt vera glad for det. Men om du tapar, skal du likevel gå av banen med eit smil. Det blir nok litt meir alvorleg til eldre ein blir, men sjølv på eit 18-årslag bør ikkje handballen bety «alt», meiner nittenåringen, og legg til at yngre spelarar må få tid til å driva fleire idrettar - alt dei har lyst til.



** I fjor var ho spelar på J 18 laget til Fyllingen. I år er ho spesialinvitert, saman med andre store handballnamn. Nittentårige Cecilie Leganger gler seg til å vera med på handballfestivalen.

Gler seg til pinsehelga

Kva tykkjer du om handballfestivalen?

- Stord har greidd å laga til ein fantastisk bra festival. Og det seier eg ikkje berre fordi du intervjuar meg no. Eg har vore med fleire gonger, seinast i fjor på 18-årslaget til Fyllingen. I år er eg invitert, seier Cecilie.

- Kva likar du best med festivalen?

- Det sosiale er veldig viktig. Her møter eg mykje folk som eg blir kjend med. Cup-kampar har ein heilt annan sjarm enn den vanlege serien. Her spelar me kampar, og etterpå når me går av banen, får me tid til å snakka med kvarandre og finna på ting ilag. Det handballgruppa på Stord har fått til, finn me ikkje så mange andre stader i landet. Handballgleda som me ser her er berre heilt fantastisk, meiner Cecilie, som gleder seg til festivalen.

Grand
Restaurant

Gå til duka
og dekt bord
1. og 2. pinsedag

I pinsehelga kan du slappa av
med ein deilig middag - og
kanskje eit bad i sømjeballen vår.

I den smakfulle spisestuaen vår kan du fornya deg frå buffeten med:
 • Dagens sauppe • Hirsabrett • Salatbord med dressing
 • Nybakt brød • Dessertbord • Kakebord • Kaffe eller te

Vi har også eigen barne meny
 Bordet står dekkja mellom kl. 12.00 og 17.00.

Alt dette for rimelege kr. 125,- per person!

Barn mellom 5 og 11 år 1/2 pris. Barn under 5 år gratis.

Grand Hotel

Heile familien sitt hotell
 5400 Stord - Telefon 55 41 02 33

Største og eldste
lokalavisa
i distriktet

er til sals i hotellresepsjonen
Sunnhordland
Tlf. 53 41 04 88 Fax 53 41 43 30

Eige Marknadssetter og trykkeri • Ta kontakt med oss i Borggata, Leirvik



•• 100 poeng er topp-score, som det heiter, og det var faktisk fleire som plasserte fem ballar i hjørnene i fjor.



•• Olav Skorpen, Torleiv Agdestein, Age Ottesen og Per Øystein Kannelønning blir tilsaman Chiclets.

Handball-samba med Chiclets

Dansorkesteret Chiclets starta opp for 33 år sidan, og blir brukt i ulike festlege samanhengar. Handballfestivalen har dei vore på sidan han starta opp. I år skal dei som vanleg vera med på opningsseremonien og grillfesten, og dei skal spela til te-dans i Borggata etter opninga laurdag.

På grillfesten utover laurdagkvelden plar dei modigaste spelarane koma opp på scena

for å synga eller fortelja ein vits. Det vert det høve til i år også.

Kanskje er det ein ide å laga ein handballsong/lagsong på ein kjend melodi (td. Bobbysock sin La det swinge..) og framføra han på grillfesten? Ialfall har dei sjansen dei som ønskjer.....

Handballsamban får de teksen til her, den blir spela fleire gonger i løpet av festivalen.

No e da pinsse med handball på Stord. Mange e kome frå sør og frå nord. Her ska me kjempa om seier og ros.

Nokre vil vinna, mens andre blir slått. Me vonar alle vil ha det heilt topp. Ein ting e sikkert, ja sann våre ord. Handball e sporten for liten og stor.

Ref. Me gler oss alle te fest og te kos.
Ref: Handballfest på Stord
Ein munter ungdomsgjeng, tar poeng - mål i fleng
Handballfest på Stord
Slik e vårt handballrefreng

Tonesettar: Torleiv Agdestein
Tekstforfattar: Olav Skorpen/Per Øystein Kannelønning.

Skarpskyting med Sunnhordland

Viktig melding til deltakarane på handballfestivalen og til alle andre som trur det er like enkelt å plassera ballen i mål som det er å eta is:

- Det blir skarpskyting med handball i år også. Etter opningsfestivalen laurdag blir det høve for alle til å prøva seg på skarpskyting i Borggata. Målveggen vert plassert mellom Avishuset til «Sunnhordland»

og Skohuset laurdag føremiddag. Den som vil testa kor flinke dei er til å treffa må betala ti kroner. For festivalfolket er det gratis å kasta, og alle får flott diplom. Kva poengsum som skal pryda diplomten avgjer du sjølv.....

På festivalane dei tidlegare åra har over 1000 kasta seg ut i kastkonkurransen. Laurdag et-

termiddag føregår skarpskytinga ved Idrettshallen - mellom klokka 15.00 og 19.00. Sundag kan deltakarane prøva seg mellom klokka 10.00 og 14.00.

Visste du at ...

- 217 lag er påmeldt til årets handballfestival.
- Laga kjem frå 40 ulike klubbar.
- Bjørnar er største klubben i år med 13 lag.
- Det skal spelast 750 kampar.
- Det blir spelt 375 timar handball på handballfestivalen, fordelt på 17 baner.
- Voss, Sauda og Riska stiller på festivalen for fyrste gong.
- Mellom 30 og 35 dommarar frå Hordaland og Rogaland er i sving på banene i helga.
- Harald Karlsson, leiar i ST&I skal opna festivalen.
- Suksesstrenar frå Fyllingen, Ivica Rimanic kjem
- Landslagsspelar Morten Haugstvedt kjem
- Verdas beste VM-spelar Cecilie Leganger kjem

Forventningar til handballfestivalen



Jeanett Haugvik, 8 år

Eg har aldri vore med på handballfestivalen før, og eg gler meg veldig.

- Kvi for gler du deg?
- Fordi eg kanskje får medalje, og det har eg aldri fått før. Og så er det så kjekt å spela. Eg likar aller best å spela back.
- Dessutan skal me spela i fleire dagar. Og så kan det henda me vinn ein kamp.
- Er det så viktig da?
- Ja, for me har nesten aldri vunne før, og viss me vinn er me gode. Men eg blir ikkje sur for det, altså, seier Jeanett som spelar på 10-årslaget til Solid.



Astrid Saxvig, Solid

Handballfestivalen har eit fint opplegg, og eg tykkjer det er kjekt å vera med. Eg har vore med sidan eg gjekk på 10-årslaget. I år er det femte gongen er er med.

- Kva likar du best?
- Me møter nye lag. Dessutan er det kjekt å møta nye folk.
- Grillfesten pleier eg også alltid å vera med på, seier Astrid som spelar på 14-årslaget til Solid.

Barn er ikkje små vaksne

Ungar har krav på å bli aktivisert og vurdert på sitt eige utviklingssteg i tråd med sine egne føresetnader. Handballerane må leggja alle tilhøve til rette for å imøtekoma dette.

Engasjement og interesse
Ivrige, entusiastiske og medvitne leiarar er ein føresetnad for å kunna skapa det miljøet me ønskjer. Ungar merkar fort om leiaren siit engasjement er ekte og oppriktig. Den dagen leiaren ikkje gleder seg saman med ungene, er det på tide med ein pause.



•• Å kjempa med «Fair Play» der ein lover å både tola tapa og vinna, høyrer også med i turneringseiden. «Fair Play»-flagget er med i opningsseremonien på torget.

Turneringseiden

I år er det Arne Titland og Gunnveig Breistein frå 12-års laga til Stord som har fått i oppgåve å framføra turneringseiden under opningsseremonien på Leirvik torg laurdag. Framfor nærmare tre tusen spelarar, lagleiarar, trenarar, foreldre og publikum skal dei på vegne av alle spelarane seia fram turneringseiden.

- Som representant for spelarane lovar eg under festivalen:
- Å spela så godt eg kan
 - Å oppmuntra medspelarane
 - Å visa respekt for dommarene
 - Å retta meg etter leiarene
 - Å ta avstand frå alle former for doping
 - Å kjempa med «Fair Play»
- Eg lover:
- Å tola tapa
 - Å tola vinna

Aktivitetar utanfor handballbanen:

Handballspelarane skal få det travelt om dei vil rekkja over alle aktivitetane som blir stelt i stand utanfor handballbanen.

Handballgruppa i Stord Turn & Idrettslag satsar mykje på eit breidt og variert aktivitetstilbod. Og det er Målfrid Nøstbakken som har hatt ansvaret med å sy fritidstilboda ihop. Nytt i år er ein rundtur kringom på Stord med buss. Dette er eit tilbod til foreldre og andre som har lyst til å sjå meir av øya.

Grillfest

Grillfesten laurdagskvelden er populær. Eit samlingspunkt for dei kring 2500 spelarane på festivalen. Åtte heile lam skal grillast, under kyndig kontroll av Odd Kvarme og Jørgen Hansen. Det blir dekt på langbord med salat og brød. Omlag 75 kina-kål, 20 kilo agurk og 20 kilo tomatar går det med i salaten. No kan ikkje 2500 spelarar eta seg mette av dei åtte lamma som blir grilla. Ein smaksprøve til alle skal det likevel bli. Og dei som framleis er svelte har med seg mat som dei grillar sjølve.

- Dei som ikkje har mat med kan få kjøpt både pølser og pølsebrød som kan grillast, fortel Målfrid Nøstbakken, og legg til at 10 store grillar (1/2 tonner) skal setjast opp. I år blir det ikkje berre handballspelarar rundt grillane. Orienteringsgruppa i ST&I står ansvarleg for eit stort stemne i pinselhelga, og mellom 100-200 orienteringsløparar skal vera med på grillfesten. «Festivalørkersteret» Chiclets spelar.

Borggata

Handballfestivalen startar med defilering og opningsseremoni laurdag formiddag. Når opningsprogrammet og handball-eiden er framført blir det ulike aktivitetar i Borggata. - Me har lagt vekt på at mesteparten av aktivitetane skal vera gratis for spelarane, seier Målfrid Nøstbakken.

Hest og kano

Stord Rideklubb stiller med hestar og instruktørar ved Vikastemmo (populært kalla Andedammen). Her blir det også kanopadling for det som ønskjer prøva seg på det. Tre trøbåtar skal også setjast ut i Vikastemmo - gratis til utlån.

Redningsvestar vert å låna, og ein «redningsbåt» er på plass i tilfelle nokon detti uti vatnet.

Tøffe-ekspressen vil køyra i rute mellom Vikastemmo, Vabakken og Idrettshallen.

Te-dans og svampkasting


Øvst i Borggata spelar Chiclets til te-dans laurdag formiddag etter opningsseremonien. Midt i Borggata blir det svampkasting, der du får høve til å kasta dy-våte svampar i andletet på mellom anna fotballtrenarane Magnar Aaland (Stord) og Trond Nyhammer (Trott). Sporty politikarar som Hans J. Rosjorde, Ola J. Økland, Fredrik Litleskaret og Jens Arne Stautland har også sagt ja til å få dryppande blaute svampar i andletet. Skarpskyting med Sunnhordland føregår også midt i Borggata nokre timar laurdag.

Busstur

Nytt tilbod i år er ein busstur rundt Stord. Arve Kleppe skal vera guide, og vil syna foreldre og andre interesserte rundt på øya - gratis. Bussen startar ved Vabakken der alle turneringsbussane står. Det blir lagt opp til to turar søndag. Turen går frå Vabakken til Rommetveit, via Fjellgardane og ned til Aker Stord. Her vil Arve Kleppe fortelja litt om Aker Stord og kva dei balar med, og då spesielt Troll-dekket.

Teknikkmerke

Sundag kveld i Rackethallen vert det høve til å ta teknikkmerke. Landslagsspelarane Cecilie Leganger og Morten Haugstvedt vil vera instruktørar. Dei får hjelp av J-18 laget til Stord. Dei som ønskjer prøva seg på teknikkmerke må



•• Åtte lam skal grillast laurdagskvelden. Her er det grillmeister Odd Kvarme som ser til at alt går rett føre seg.

gjennom sju ulike øvingar som alle skal godkjennast. Merket kan takast i både bronse, sølv og gull.

Symjebassenget

I Kulturhuset vert symjebassenget ope både laurdag og søndag. I år vert spelarane delte inn i grupper etter alder. Dette vert gjort fordi dei yngste i fjor var skuffa over å ikkje få nytta sklia. Gruppe ein femner om 10 og 12 års spelarar. Gruppe to femner om 14, 16 og 18 års spelarar.

Leiartreff

Sundag kveld vert det leiartreff på Inter Nor Stord Hotell. Det er handballgruppa i ST&I som inviterer to trenarar/lagleiarar per lag til ei uformell samling i vinterhagen på hotellet. Her blir det servert ferske reker og brød - gratis - med brus eller lettol til. Med andre ord; eit alkoholfritt arrangement.

Miljøtreff med musikk

Sundag vert det miljøtreff i Idrettshallen og i konsertsalen i Kulturhuset. Dei yngste - mellom 10 og 14 år - får høve til å treffa andre folk, ta ei brus, høyra på musikk og dansa litt i Idrettshallen. Dei eldste - mellom 14 og 18 år - samlast i konsertsalen i Kulturhuset. Dei som spelar i 14 års-klassen kan få velja om dei ønskjer gå i Idrettshallen eller i Konsertsalen.



•• Kanopadling kan du prøva i Vikastemmo (populært kalla Andedammen) både laurdag og søndag.

Festivalradio

Også i år vert det ein eigen handballradio så lenge festivalen varer. Radio Stord køyrer med egne handballsendingar - fem timar kvar dag.

- Me skal laga til eit eige studio i Idrettshallen, der spelarar er velkomne innom til ein prat eller til å senda helsingar heim, fortel Arne Lindeflaten som skal stå for sendingane. I tillegg til fem timar radio kvar dag, vil han overføra alle finalane på direkten. Og for ordens skuld - sendingane går på 104,8 Mhz og 106,2 Mhz på FM-bandet.

PROGRAM FOR FESTIVALEN

Fritidstilbod

| | |
|------------------------------------|-------------------|
| LAURDAG | |
| DEFILERING/OPNING | kl. 10.00 - 12.00 |
| Ulike leikaktivitetar i hovudgata. | |
| AKTIVITETSTILBOD LAURDAG | |
| Tøffeekspressen | kl. 14.00 - 18.00 |
| Hesteriding | kl. 15.00 - 18.00 |
| Kanopadling/Trøbåtar | kl. 19.00 - 23.00 |
| Basseng kulturhuset 10-12 år | kl. 14.00 - 17.00 |
| Basseng kulturhuset 14-18 år | kl. 17.00 - 20.00 |

Grillfest
19.00 - 23.00. Levande musikk.
8 lam skal blant anna grillast. Anledning til å kjøpa pølser og brød. Grillmat elles må kjøpast inn på førehand.

IMPULSKURS
med Ivica Rimanic, Morten Haugstvedt og Cecilie Leganger

Stord Hotell kl. 21.00

AKTIVITETSTILBOD SØNDAG

| | |
|------------------------------|--------------------|
| Tøffeekspressen | kl. 13.00 - 19.00 |
| Hesteriding | kl. 15.00 - 18.00 |
| Kanopadling/Trøbåtar | kl. 12.00 - 16.00 |
| Basseng kulturhuset 10-12 år | kl. 16.00 - 20.00 |
| Basseng kulturhuset 14-18 år | kl. 13.00 og 15.00 |
| Busstur m/guide | kl. 20.00 - 22.00 |
| Teknikkmerke - Rackethallen | kl. 20.00 - 22.00 |

Instruktørar: Cecilie Leganger og Morten Haugstvedt

MILJØTREFF I IDRETTSHALLEN
Kl. 21.00 - 23.00 10, 12 og 14 årsklassen.

MILJØTREFF I KULTURHUSET
Kl. 20.00 - 23.30 14, 16 og 18 årsklassen

LEIARTREFF
INTER NOR STORD HOTELL kl. 20.00 - 24.00

IMPULSKURS v/Ivica Rimanic, Cecilie Leganger og Morten Haugstvedt.

Idrettshallen kl. 13.00 - 15.00

Velkomen til Handballfestivalen



** Anne Karin Lilabo, Karen Molvær, Ellen Hauge, Else Marie Lillebø, Jorunn Hauan og Nina Eltarvåg har vore med og planlagt årets handballfestivalmeny.

200 meter brød

Det skal mykje mat til for å metta over 2000 svoltne spelarar, trenarar og lagleiarar. På handballfestivalen går det med kring 500 brød, og legg du dei etter kvarandre blir det nærmar 200 meter med brød!

- Me reknar med det går like mykje mat i år som i fjor, og då kjøpte me inn 58 kilo skinke, 22 kilo kalverull, 129 kilo kvitost og agurkar og tomater i fleng. Syltetøy og italiensk salat blir og å finna på frukostbordet, seier Else Marie Lillebø, som har ansvar for all mat og kioskane. Til å svelgia ned frukosten får du mjølk, vatn, te eller kaffe.

Middag

Kring 45 foreldre er i sving bå-

de laurdag, sundag og måndag for å ställa istand middag til svoltne spelarar.

I år blir det følgjande meny:
- **Pølse og potetstappe**
- **Kjøttkaker, poteter og grønnsaker i brun saus.**

- **Betasuppe (med mykje kjøt)**
- I år prøver me pølse og potetstappe. Gryteretten me serverte i fjor, slo ikkje så godt an, og dermed må me prøva noko anna i år for at spelarane skal bli nøgde, seier Anne Karin Lilabo, som har hatt ansvaret for middagen kvart einaste år sidan handballfestivalen starta opp. Laurdag og sundag serverer dei middag mellom klokka 13.00 og 17.00. Måndag blir det middag mellom 12.00 og 15.00 - i formingsavdelinga på Stord Ungdomsskule.



Trygt med Heimevernet

Handballfestivalen har sin eigen tryggleiksorganisasjon. Og det er ikkje kven som helst som har fått i oppgåve å ta seg av tryggingstiltaka kring handballfestivalen i år. Roar Gjermstad er sjef for heimevernet på Stord, og han har fått med seg folk frå heimevernet som skal sjå til at arrangementet går greit unna.

Heimevernsutstyret får hengja i fred i klesskapet, istadenfor skal vaktene ha på seg vestar som gjer dei lett synlege. Og

trafikkvakter og tilsynsvakter vert å sjå så lenge festivalen varer.

- Me har eit tett samarbeid med Stord-Fitjar Røde Kors Hjelpekorps og Stord lensmannskontor. Hjelpekorpsnet stiller med like mange folk som oss, og tilsaman blir me då kring 60 vakter som er i sving gjennom pinsehøga, fortel Gjermstad.


Ein eigen festivaltannlege og lege har festivalen også - om det skulle henda spelarane noko.

Vaktar på skulane der deltakarane overnattar vil det også vera. Dermed kan foreldre som sender borna sine til festivalen kjenna seg rimeleg trygge på at spelarane blir tekne vare på - heile døgnet.



** Med over 2500 spelarar i sving, er det ikkje til å unngå at nokon blir skada. Men dei som er så uheldige får kyndig og god hjelp frå hjelpekorps.

BANEOVERSIKT



Teknikkmerke

Sundag kveld vert det høve til å ta teknikkmerke i Rackethallen. Cecilie Leganger og Morten Haugstvedt skal vera instruktørar saman med Stord sitt J-18 lag. Teknikkmerke i handball har fire graderingar - bronse, sølv og gull eller Gullballen. Prøvene til Gullballen er vanskelige og krev både mykje trening og ein god del talent. Det er ingen aldersgrense på dei ulike merka, og krava er dei same uansett om du er gut eller jente.

Me tek med krava til bronsemerket - så blir det gradvis vanskelegare ettersom du tek sølv, gull eller prøver på Gullballen.

Prøve 1 - Stussing

Ein spelar og ein ball. Stuss ballen i golvet, bruk både høgre og venstre hand annankvar gang. 20 stuss, 10 med kvar hand i serie.

Prøve 2 - Pasing

Ein spelar og ein ball. Stå minst to meter frå ein vegg, spel ballen i vegg med ei hand - ta imot med ei hand. Ingen andre delar av kroppen kan brukast til hjelp i mottaket. Spel ballen i vegg 10 gonger i serie.

Prøve 3 - Forflytning

Ein spelar - utan ball. Start

med ryggen i løpsretning. Snu på signal, spurt ni meter, rygg ni meter. Sidelengs rørsle seks meter. Motsatt sidelengs rørsle seks meter, spurt ni meter på 14 sekundar.

Prøve 4 - Presisjonsskot

Ein spelar og ein ball. Eit mål der det ligg ein handball like innanfor kvar målstolpe. Stå ved målfeltlinja (6-meter streken). Skyt ti skot - fem mot kvar ball. Du må ha fem treff for å klara bronse.

Prøve 5 - Kantskot

Ein spelar og ein ball. Eit mål og oppmerking for målfelt, kortline, frikastline og sideline. Stå med ein fot i krysset mellom sidelina og kortlina, ta tre steg, gjer innhopp over målfeltet og skyt på mål. Du får seks skot, og fem av dei må i mål for å få bronsemerke.

Prøve 6 - Balltempo

Ein spelar og ein ball. Stå seks meter frå ein vegg, kast ballen i vegg 10 gonger på 20 sekundar.

Prøve 7 - Ballhandsaming

Ein spelar og ein ball. Kast ballen opp i lufta, sitt ned, reis opp og fang ballen utan at den stussar i golvet.

Kort om handball

På kvart handballag kan det vera 12 personar. Berre sju er på banen samtidig, og det er målvakten, to vingar, tre backar og ein strekspelar. Men kva oppgåve har dei forskjellige spelarane?

Målvakt:

Oppgåva til målvakten er rett og slett å redda kvart einaste skot som kjem. Deretter skal han spela ballen fort ut att til medspelarane sine.

Ving:

På kvart lag er det ein høgreving og ein venstreving. Vingen spelar heilt utpå kanten, og den spisse vinkelen til mål gjer det vanskeleg å skora. Derfor må vingen vera flink til å sjå målvakten sine svake sider - og plassera ballen forbi han. Ein vingspelar kan vera liten, kjapp og fintesterk, slik at han lettare greier å lura seg forbi motspelarane sine.

Back:

Det er tre backar på eit lag. Midtbacken har ei spesiell oppgåve. Frå posisjonen midt i

laget har han fullt oversyn. Dermed kan han gje beskjedar om kva som kan gjerast, og er ballfører i angrep. Backen er gjerne litt større og kraftigare enn vingen. Det er bra om backen har god spenst, slik at han kan ta høge hoppkot.


Strekspelar

Strekspelarane har sin plass inne på 6-meteren. Streken står midt i forsaret til motstandaren, og er såleis ein «fiende» som oftast må tola litt knuffing og dytting. Med folk som er tett innpå heile tida, trengs det ein strekspelar som er sterk og som greier å kjempa til seg ballen. Ofte må streken snu på ein 5-øring, når han skal skyta.

Reglar

Handballreglane synes for mange å vera vanskelege. Men med gradvis innføring og opplæring går det fint. Reglane det er lettast å synda mot er steg, tramp og brøyt.

Steg: Det er ikkje lov å ta meir enn tre steg utan å dabba ballen.



•• Midtbacken (nr 11) går på skot (freistar å skyta). Streken står klar med hendene til å ta imot ballen, og viss ho får han må ho snu på ein 5-øring for å skyta på mål.

Tramp: Å tro over 6-meterstreken i angrep.

Brøyt Dersom du spring på ein motspelar i angrep. Eller: Du prøver å finta, men får det ikkje til og endar i kroppen på motstandaren.

Straffekast Det blir som of-

tast straffekast dersom ein spelar blir hekta når han har klar bane til mål. Det blir også straffe viss du står innanfor 6-meteren og prøver å hindra

motstandaren i å skora. Kvart straffekast er ein diskusjon for seg, og det er sjeldan at alle er samde med dommarane.

Handball med stil!

Du har valt handball som din idrett - og det er eit godt val! Du kan sjå fram til massevis av små og trivelege opplevingar - og handballfestivalen på Stord er berre ein av dei mange tinga du får vera med på framover. Men det **pliktar** å vera medlem av handballfamilien. Enten du er spelar, trenar, dommar eller foreldre - så har DU eit ansvar! Her er nokre råd og reglar for sunt og godt handballvett:

Til spelarane:

- Godt humør og positiv oppførsel er viktig for ein kamp.
- Når du har skifta og skal varma opp bør du ta omsyn til dei andre og bruka ball berre der det er tillate.
- Gled deg til kampen slik at dei andre ser det.

- Sjekk at drakten din er ordentleg.
- Hjelp laget ditt til å vera ute i rett tid - ikkje kom for seint.
- Ver positiv til alt som skjer under kampen.
- Ikkje kjelt på dommarane eller medspelarar.
- Alle lag spelar for å vinna. Hjelp laget ditt med å spela etter reglane.
- Hald humøret oppe og støtt kameratane dine (sjølv om dei bommar på mål).
- Takk motstandaren, dommarane og medspelarane dine for kampen - uansett resultat.

Til lagleiarane:

- Ver ute i god tid før kampen startar.
- Ver avslappa og vis ein roleg haldning.

- Sjå til at spelarane har rett drakt og joggesko på - og at kamprapporten vert rett utfyllt.
- Når du gjennomgår dagens kamp, hugs det positive og verdien av godt humør.
- Hels på dommarane og lagleiarane til motstandaren - og ønsk dei lukke til!
- Støtt spelarane dine gjennom oppmuntrande oppførsel.
- Oppførselen din påverkar spelarane både positivt og negativt. Ver positiv overfor dommar og motstandar.
- Sjå til at spelarane dine, og du sjølv, takkar motstandarane for kampen.
- Ha alltid godt humør når du oppsummerer kampen. Gleda ved positiv innsats er det viktigaste!



•• — Diskuter aldri med spelarar eller lagleiarar under kampen. Ta heller ein prat etterpå, slik dommar Johan H. Olsen gjer.

Til dommarane:

- Ver ute i god tid, slik at du får førebudd det godt.
- God oppvarming gjer deg budd både fysisk og mentalt.
- Still alltid i heilt, reint og korrekt antrekk (dommardrakt).
- Hels på tidtakar og sekretær.
- Kontroller at kamprapporten er rett utfyllt.
- Hels på lagleiarane og ønsk dei lukke til.
- Ei avgjerd vert lettare akseptert viss ho blir teken med eit smil. Vis derfor at du er i godt humør, det smittar over på både spelarar og lagleiarar.
- Diskuter aldri med spelarar eller lagleiarar under kampen. La ikkje vanskelege situasjonar få utvikla seg.
- Ver bestemt, slik at spelarane blir trygge på deg.
- Takk spelarar og lagleiarar for kampen.
- Kontroller at kamprapporten er rett utfyllt før du skriv under.

Til foreldra

- Ver avslappa og roleg. Hjelp til å roa ned spelarane viss dei er nervøse.
- Gled deg til kampen!
- Delta aktivt med heiarop og applaus. Applauder også motstandarane sine gode prestasjonar.
- Støtt laget, og ikkje berre ein spelar. Handball er eit lagspel der spelarane saman skapar prestasjonar.
- Dommarane gjer ein vanskeleg og viktig jobb. Unngå negative tilrop frå tribunen og sidelinja, det skapar dårleg atmosfære.
- Hugs ansvaret du har som forebilete!
- Spelarar som har gjort sitt beste fortener ros - uansett resultat.
- Ta både siger og tap med fornuft, så lærer dei unge å takla medgang og motgang.
- Spør om det var morosamt å spela. Unngå ein-sidede fokusering på resultatet.



•• Når du gjennomgår dagens kamp, hugs det positive og verdien av godt humør! Her er det Egil Espeland frå Solid som gjev gode råd og oppmuntring til spelarane sine.

INFORMASJON

STEVNEKONTOR/SEKRETARIAT.

Stemnekontoret er flytta til tidtakarbua ved grasbanen. Kontakt oss om store eller små problem. Vi serverer kaker og kaffi til dommarar/leiarar og foreldre.

Turneringstelefon heile døgeret: 53414167

VIKTIG SPORTSLEGLINFORMASJON.

FINN UT KVA Plass LAGET DITT KOM PÅ I PULJESPELET PÅ LAURDAG. DA ER DET LETT Å FINNA TIDSPUNKT OG BANE FOR KAMPANE PÅ SØNDAG.

TURNERINGS-REGLEMENT.

Under kampene gjeld NHF kampreglement for turneringar. G12, G14, G16, J12, J14, J16 spelar puljespel laurdag. Søndag blir laga delt inn i A og B puljer med serispel. Måndag er sett av til finale-spel. G10 og J10 spelar aktivitetserie etter NHF sine reglar.

G18 og J18 spelar dobbelt serie.
J/G 10-12 2 x 10 min
J/G 14 2 x 15 min
(2 x 10 min. laurdag)
J/G 16-18 2 x 15 min
PUH 2 x 10 min

På grunn av sportslege hensyn, baneforhold først og fremst, har arrangøren desverre måtta forandra kamptidene for puljespelet på laurdag til 2 x 10 min for J/G 14. I sluttspelet spelar vi som planlagt.

Håper på forståing for dette.

Møt kamplar 5 min. før kampstart. Ikkje pause mellom omgangane. Hugs frimerkeforbod i J/G 10-12.

Ved uavgjort i cupspelet vil dommarkast og første mål vera avgjerande. Også i finalen. Ved poenglikhet i puljespel skal rekkjefølgja avgjerast slik:

- 1) Målskilnad i samtlige kampar
 - 2) Flest scora mål i samtlige kampar
 - 3) Innbyrdes oppgjær.
 - 4) Loddrekning.
- Dersom eit lag ikkje møter til kamp, vinn det andre laget 6-3

LAGET SOM STÅR FØRST I KAMPOPPSETTET:

Startar med ballen, startar til venstre for sekretariatet og har ansvar for eventuelt draktskifte.

Blå kjend med kampprogrammet på førehand. Vi veit pausane mellom kampene kan bli i minste laget. Særs viktig er det å finna

spela i søndag. Dersom det skulle bli nødvendig å protestera, må protesten skriftleg inn til stemnekontoret seinast ein time etter kampen. Protestgebyr: Kr.200,- JURY: Arne Steinsvåg, Freddy Iversen, Erlend Aam.

DEFILERING.

Det er sterkt ønskeleg at alle møter til defileringa laurdag kl. 10.00.

ORDENSREGLAR PÅ SKULANE OG ANDRE OVERNATTINGSSTADER.

1. Ein leiar pr. lag skal overnatta med laget.
 2. Ulovleg å bruka ballen på klasseromma/romma.
 3. Nikotin/alkohol er sjølvsagt bannlyst på skulane.
 4. Klasseromma/romma skal ryddast før avreise, og eventuelle skader står laga ansvarleg for.
- Alle laga bør ta kontakt med vakta på skulane for praktisk informasjon.

Elles oppmødar vi spelarane å nytta oppsette boskoger. Hugs Fair-play pokalen blir gjeve til den klubben som totalt viser den beste oppførselen.

SAL

Frukost: 40,-
Middag: 55,-
Miljøtreff: 30,-
Festivaltrøye: 70,-
Colleg-gensjer: 200,-
Basseng: 20,-
Overnatting pr. natt: 50,-
Gratis overnatting frå fredag til laurdag. Gratis lagfotografering. Sjå tidspunkt i deltakarmappe.

MATSERVERING PÅ UNGDOMSSKULEN

Dei som bur på Hystad skule og Rommetveit skule får frukost frå kl. 07.30.

LAURDAG

Frukost: 08.00 - 10.00
Middag: 13.00 - 17.00
Pølse m/poteistappe

SØNDAG

Frukost: 07.30 - 10.30
Middag: 13.00 - 17.00
Kjøttkaker

MÅNDAG

Frukost: 07.30 - 10.30
Middag: 12.00 - 15.00

Lapskaus
Hugs å rydda etter deg!

PREMIERING TIL BESTE KLUBB

7500,- til beste klubb etter ein spesiell poengskala. Denne pengepremien kan ikkje STORD vinna. J/G-10

Klassar med fleire enn 40 lag (J12, J14)

Vinnar 8p
Toar 6p
Vinnar A-pulje 4p
Andre lag i A sluttspel 3p
Vinnar B sluttspel 2p
Toar B sluttspel 1p

Klassar med 11 - 39 lag (J16, G12, G14)

Vinnar 6p
Toar 4p
Vinnar A-pulje 3p
Andre lag i A sluttspel 2p
Vinnar B sluttspel 1p

Klassar med mindre enn 11 lag (J18, G16, G18)

Vinnar 4p
Toar 2p
Trear 1p

KLASSE-PREMIERING

J10/G10/PUH: Medalje og diplom til alle deltakarane.

J12/J14/J16/J18/G12/G14/G16/G18: Pokal til nr.1 og nr.2, samt eventuell vinnar av B sluttspelet.

Spelarane på A-finalelaga får individuelle premiar. Premie til beste spelar i alle A-finalane.

Premie til KLUBBEN med mest eksemplarisk oppførsel.

J12/G12: Diplom til alle spelarar. Lagleiar hentar desse på stemnekontoret.

SAMLAPREMIESUM: CA. 60.000

TRANSPORT UNDER FESTIVALEN.

Vi løysar alle transportproblem mellom banane og til/frå skulane. Sjå oppslags sekretariatet.

RØDE KORS

Personalet er stasjonert på ungdomsskulen, i same området som matserveringa skjer. Bruk for doktor eller tannlege går via Røde Kors, tlf. 53 41 10 71/94 55 70 00 eller stevnekontor.

PARKERING

Sjå kartet i turneringsavisa. Set ikkje bilen for tett inn til baneområda.

Puljeoppsett

JENTER 10 19 lag
Lørdag

Pulje 1
Brønnaldalen
Salhus 1
Kjøkkelvik 1
Kleppstø

Pulje 2
Kvinherad
Lindås
Os 1
Stord 1

Pulje 3
Fitjar 2
Kjøkkelvik 2
Os 2
Rival

Pulje 4
Stord 3
Solid 2
Fitjar 1
Salhus 2

Pulje 5
Kopervik
Solid 1
Stord 2

JENTER 10
19 lag Søndag

Pulje 1
Kopervik
Brønnaldalen
Lindås
Os 2

Pulje 2
Solid 1
Salhus 1
Os 1
Rival

Pulje 3
Stord 2
Kjøkkelvik 1
Stord 1
Fitjar

Pulje 4
Stord 3
Kleppstø
Fitjar 2
Salhus 2

Pulje 5
Solid 2
Kvinherad
Kjøkkelvik 2

JENTER 12 51 lag

Pulje 1
Askøy
Avaldsnes 1
Bjørnar 2
Bremnes 1
Brønnaldalen 2

Pulje 2
Fitjar 1
Florvåg
Fyllingen 2
Hinna 1
Kjøkkelvik 3

Pulje 3
Kleppstø
Kvinherad
Avaldsnes 2
Lindås
Tertnes 3

Pulje 4
Lysekloster
Os 4
Ølen 1
Bjørnar 3

Pulje 5
Ølen 2
Salhus 1
Sauda
Bremnes 2

Pulje 6
Solid 2
Stord 4
Tertnes 1
Tysnes

Pulje 7
Vadmyra
Bjørnar 4
Øygard
Salhus 2

Pulje 8
Åkra
Tertnes 2
Ålgård
Åsane 2

Pulje 9
Åsane 1
Stord 3
Solid 1
Os 2

Pulje 10
Os 3
Kjøkkelvik 2
Fyllingen 1
Hinna 2

Pulje 11
Fitjar 2
Stord 2
Bremnes 3
Bjørnar 1

Pulje 12
Brønnaldalen 1
Kjøkkelvik 1
Stord 1
Os 1

Pulje 14
60 lag

Pulje 1
Avaldsnes 1
Bjørnar 4
Bremnes
Brønnaldalen 2

Pulje 2
Florvåg
Fyllingen
Gneist
Avaldsnes 2

Pulje 3
Kjøkkelvik
Kleppstø
Hinna 3
Brønnaldalen 1

Pulje 4
Kopervik 3
Kvinherad
Lindås
Avaldsnes 3

Pulje 5
Lyngbe
Lysekloster
Malmheim
Bjørnar 3

Pulje 6
Odda 1
Os
Bjørnar 2
Hinna 2

Pulje 7
Odda 2
Ølen 1
Riska 1
Bjørnar 1

Pulje 8
Salhus
Sauda
SIF 3
Riska 2

Pulje 9
Hinna 1
Kopervik 2
Ølen 2
SIF 1

Pulje 10
Riska 3
Stord 4
Tertnes 1
Tysnes

Pulje 11
Vadmyra 2
Voss
Øygard
Stord 3

Pulje 12
Ålgård
Åsane 1
Stord 2
Vadmyra 1

Pulje 13
Stord 1
Tertnes 2
Solid 1
Kopervik 1

Pulje 14
Tertnes 3
Solid 2
SIF 2
Brønnaldalen 3

Pulje 15
Fitjar
Åsane 2
Hinna 4
Nornen

JENTER 16
- 21 lag

Pulje 1
Avaldsnes
Brønnaldalen 2
Fitjar
Hinna
Nornen

Pulje 2
Brønnaldalen 1
Lysekloster
Odda
Kjøkkelvik

Pulje 3
Riska 1
Rival
Sauda
Solid

Pulje 4
Riska 2
Stord 1
Tertnes
Øygard

Pulje 5
Åkra
Ålgård
Stord 2
SIF

JENTER 18 - 4 lag

Pulje 1
Bjørnar
Stord 1
Tertnes
Avaldsnes

GUTTER 10
- 8 lag
Lørdag

Pulje 1
Stord 2
Solid
Rival
Fyllingen

Pulje 2
Fitjar
Stord 1
Kjøkkelvik
Bremnes

GUTTER 10
- 8 lag
Søndag

Pulje 1
Stord 2
Solid
Fitjar
Stord 1

Pulje 2
Rival
Fyllingen
Bremnes
Kjøkkelvik

GUTTER 12
- 14 lag

Pulje 1
Avaldsnes
Fyllingen
Kjøkkelvik
Kopervik
Kvinherad

Pulje 2
Bjørnar 1
Os
Solid
Øygard

Pulje 3
Åsane
Åkra
Stord
Bjørnar 2

GUTTER 14
- 21 lag

Pulje 1
Avaldsnes 1
Bjørnar 2
Kjøkkelvik
Kvinherad
Rival 2

Pulje 2
Bjørnar 1
Rival 1
Stord 2
Øygard

Pulje 3
SIF
Stord 1
Tertnes
Salhus

Pulje 4
Åsane 1
Årstad
Solid
Avaldsnes 2

Pulje 4
Åsane 2
Nornen
Kopervik
Bjarg

GUTTER 16
10 lag

Pulje 1
Askøy
Avaldsnes
Bjarg 1
Åsane
Åkra

Pulje 2
Årstad
Øygard
Stord
Mathopen
Bjarg 2

GUTTER 18
- 5 lag

Pulje 1
Avaldsnes
Kopervik
Stord
Åkra
Åsane

PUH
2 lag
Stord
Bremnes

BANAR SOM FESTIVALEN BRUKAR

1. IDRETTSHALLEN
2. LITLABØ
3. RACKETBANEN
4. LEIRVIK SKULE
5. GRUSBANEN
6. GRUSBANEN
7. GRUSBANEN
8. GRUSBANEN
9. HSD
10. HSD
11. BILTILSYNET
12. BILTILSYNET
13. TORGET
14. HSD
15. HSD
16. UTESTASJONEN
17. UTESTASJONEN

KAMPOPPSETT

Gutter 10 - Lørdag:

| Knr. | Bane | Dag | Kl. | Pulje | Lag 1 | Lag 2 |
|------|--------|-------|--------|------------|------------|-------|
| 13 | Lørdag | 13.15 | G10-01 | Stord 2 | | |
| 13 | Lørdag | 14.05 | G10-01 | Rival | Solid | |
| 13 | Lørdag | 16.10 | G10-01 | Stord 2 | Fyllingen | |
| 04 | Lørdag | 18.15 | G10-01 | Solid | Rival | |
| 17 | Lørdag | 19.30 | G10-01 | Stord 2 | Fyllingen | |
| 13 | Lørdag | 13.40 | G10-02 | Fitjar | Rival | |
| 13 | Lørdag | 15.45 | G10-02 | Kjøkkelvik | Stord 1 | |
| 04 | Lørdag | 16.35 | G10-02 | Fitjar | Bremnes | |
| 04 | Lørdag | 18.40 | G10-02 | Stord 1 | Kjøkkelvik | |
| 04 | Lørdag | 19.30 | G10-02 | Fitjar | Bremnes | |
| 17 | Lørdag | 19.55 | G10-02 | Stord 1 | Kjøkkelvik | |

Gutter 10 - Søndag

| Knr. | Bane | Dag | Kl. | Pulje | Lag 1 | Lag 2 |
|------|--------|-------|--------|------------|------------|-------|
| 13 | Søndag | 11.30 | G10-01 | Solid | Fitjar | |
| 13 | Søndag | 13.10 | G10-01 | Stord 2 | Solid | |
| 07 | Søndag | 16.30 | G10-01 | Fitjar | Stord 1 | |
| 07 | Søndag | 18.10 | G10-01 | Solid | Stord 1 | |
| 07 | Søndag | 18.35 | G10-01 | Stord 2 | Fitjar | |
| 13 | Søndag | 11.55 | G10-02 | Rival | Fyllingen | |
| 13 | Søndag | 12.20 | G10-02 | Kjøkkelvik | Bremnes | |
| 13 | Søndag | 13.35 | G10-02 | Rival | Bremnes | |
| 07 | Søndag | 14.00 | G10-02 | Fyllingen | Kjøkkelvik | |
| 07 | Søndag | 17.20 | G10-02 | Rival | Kjøkkelvik | |
| 07 | Søndag | 17.45 | G10-02 | Fyllingen | Bremnes | |

Gutter 12 - Lørdag:

| Knr. | Bane | Dag | Kl. | Pulje | Lag 1 | Lag 2 |
|------|--------|-------|--------|------------|------------|-------|
| 04 | Lørdag | 12.00 | G12-01 | Avaldsnes | Fyllingen | |
| 04 | Lørdag | 12.25 | G12-01 | Kjøkkelvik | Kopervik | |
| 04 | Lørdag | 13.40 | G12-01 | Avaldsnes | Kvinherad | |
| 04 | Lørdag | 14.05 | G12-01 | Fyllingen | Kjøkkelvik | |
| 04 | Lørdag | 14.55 | G12-01 | Kopervik | Kvinherad | |
| 04 | Lørdag | 15.20 | G12-01 | Avaldsnes | Kjøkkelvik | |
| 04 | Lørdag | 16.10 | G12-01 | Fyllingen | Kvinherad | |
| 04 | Lørdag | 16.35 | G12-01 | Avaldsnes | Kopervik | |
| 04 | Lørdag | 17.25 | G12-01 | Kjøkkelvik | Kvinherad | |
| 04 | Lørdag | 17.50 | G12-01 | Fyllingen | Kopervik | |
| 04 | Lørdag | 12.50 | G12-02 | Bjarnar 1 | Os | |
| 04 | Lørdag | 13.15 | G12-02 | Solid | Oygard | |
| 04 | Lørdag | 14.30 | G12-02 | Os | Solid | |
| 04 | Lørdag | 15.45 | G12-02 | Bjarnar 1 | Oygard | |
| 04 | Lørdag | 17.00 | G12-02 | Bjarnar 1 | Os | |
| 04 | Lørdag | 18.15 | G12-02 | Os | Oygard | |
| 16 | Lørdag | 15.20 | G12-03 | Åsane | Åkra | |
| 16 | Lørdag | 15.45 | G12-03 | Stord | Bjarnar 2 | |
| 16 | Lørdag | 17.00 | G12-03 | Åsane | Bjarnar 2 | |
| 16 | Lørdag | 17.25 | G12-03 | Åkra | Stord | |
| 16 | Lørdag | 18.40 | G12-03 | Åsane | Stord | |
| 16 | Lørdag | 19.05 | G12-03 | Åkra | Bjarnar 2 | |

Gutter 12 - Søndag:

| Knr. | Bane | Dag | Kl. | Pulje | Lag 1 | Lag 2 |
|------|--------|-------|--------|------------|------------|-------|
| 07 | Søndag | 10.40 | G12-A1 | NR.1 G12-1 | NR.2 G12-2 | |
| 07 | Søndag | 13.35 | G12-A1 | NR.2 G12-2 | NR.1 G12-3 | |
| 07 | Søndag | 14.50 | G12-A1 | NR.1 G12-1 | NR.1 G12-3 | |
| 07 | Søndag | 11.40 | G12-A2 | NR.2 G12-1 | NR.1 G12-2 | |
| 07 | Søndag | 14.25 | G12-A2 | NR.2 G12-1 | NR.2 G12-3 | |
| 07 | Søndag | 15.50 | G12-A2 | NR.1 G12-1 | NR.5 G12-1 | |
| 08 | Søndag | 09.25 | G12-B1 | NR.3 G12-1 | NR.4 G12-3 | |
| 08 | Søndag | 09.50 | G12-B1 | NR.4 G12-2 | NR.4 G12-3 | |
| 08 | Søndag | 11.05 | G12-B1 | NR.3 G12-1 | NR.4 G12-2 | |
| 08 | Søndag | 11.30 | G12-B1 | NR.5 G12-1 | NR.4 G12-2 | |
| 08 | Søndag | 12.45 | G12-B1 | NR.3 G12-1 | NR.4 G12-2 | |
| 08 | Søndag | 13.10 | G12-B1 | NR.5 G12-1 | NR.4 G12-3 | |
| 08 | Søndag | 10.15 | G12-B2 | NR.3 G12-2 | NR.4 G12-1 | |
| 08 | Søndag | 11.55 | G12-B2 | NR.3 G12-2 | NR.3 G12-3 | |
| 08 | Søndag | 13.35 | G12-B2 | NR.4 G12-1 | NR.3 G12-3 | |

Gutter 12 - Mandag:

| Knr. | Bane | Dag | Kl. | Pulje | Lag 1 | Lag 2 |
|------|--------|-------|-------|-------------|-------------|-------|
| 01 | Mandag | 10.30 | G12-A | NR.1 G12-A1 | NR.1 G12-A2 | |
| 03 | Mandag | 10.30 | G12-B | NR.1 G12-B1 | NR.1 G12-B2 | |

Gutter 14 - Lørdag:

| Knr. | Bane | Dag | Kl. | Pulje | Lag 1 | Lag 2 |
|------|--------|-------|--------|-------------|-------------|-------|
| 12 | Lørdag | 12.00 | G14-01 | Avaldsnes 1 | Bjarnar 2 | |
| 12 | Lørdag | 12.25 | G14-01 | Kjøkkelvik | Kvinherad | |
| 12 | Lørdag | 14.05 | G14-01 | Avaldsnes 1 | Rival 2 | |
| 12 | Lørdag | 14.30 | G14-01 | Bjarnar 2 | Kjøkkelvik | |
| 12 | Lørdag | 15.45 | G14-01 | Kvinherad | Rival 2 | |
| 12 | Lørdag | 16.35 | G14-01 | Avaldsnes 1 | Kjøkkelvik | |
| 12 | Lørdag | 17.50 | G14-01 | Avaldsnes 1 | Kvinherad | |
| 12 | Lørdag | 19.15 | G14-01 | Kjøkkelvik | Rival 2 | |
| 12 | Lørdag | 19.40 | G14-01 | Bjarnar 2 | Kvinherad | |
| 11 | Lørdag | 20.45 | G14-01 | Bjarnar 2 | Rival 2 | |
| 12 | Lørdag | 12.50 | G14-02 | Stord 2 | Oygard | |
| 11 | Lørdag | 13.10 | G14-02 | Bjarnar 1 | Rival | |
| 11 | Lørdag | 16.05 | G14-02 | Bjarnar 1 | Oygard | |
| 12 | Lørdag | 16.10 | G14-02 | Rival 1 | Stord 2 | |
| 12 | Lørdag | 18.50 | G14-02 | Rival 1 | Oygard | |
| 11 | Lørdag | 19.00 | G14-02 | Bjarnar 1 | Stord 2 | |
| 16 | Lørdag | 16.10 | G14-03 | SIF | Stord 1 | |
| 16 | Lørdag | 16.35 | G14-03 | Tertnes | Salhus | |
| 16 | Lørdag | 17.50 | G14-03 | SIF | Salhus | |
| 16 | Lørdag | 18.15 | G14-03 | Stord 1 | Tertnes | |
| 16 | Lørdag | 19.30 | G14-03 | SIF | Tertnes | |
| 16 | Lørdag | 19.55 | G14-03 | Stord 1 | Salhus | |
| 12 | Lørdag | 11.35 | G14-04 | Solid | Avaldsnes 2 | |
| 16 | Lørdag | 11.35 | G14-04 | Åsane | Årstad 1 | |
| 12 | Lørdag | 13.15 | G14-04 | Åsane | Avaldsnes 2 | |
| 12 | Lørdag | 13.40 | G14-04 | Årstad 1 | Solid | |
| 12 | Lørdag | 17.00 | G14-04 | Åsane | Solid | |

| | | | | | |
|----|--------|-------|--------|----------|-------------|
| 12 | Lørdag | 17.25 | G14-04 | Årstad 1 | Avaldsnes 2 |
| 14 | Lørdag | 11.35 | G14-05 | Årstad 2 | Norren |
| 15 | Lørdag | 11.35 | G14-05 | Kopervik | Avaldsnes 3 |
| 12 | Lørdag | 14.55 | G14-05 | Årstad 2 | Avaldsnes 3 |
| 12 | Lørdag | 15.20 | G14-05 | Norren | Kopervik |
| 12 | Lørdag | 20.05 | G14-05 | Årstad 2 | Kopervik |
| 12 | Lørdag | 20.30 | G14-05 | Norren | Avaldsnes 3 |

Gutter 14 - Søndag:

| Knr. | Bane | Dag | Kl. | Pulje | Lag 1 | Lag 2 |
|------|--------|-------|--------|-------------|-------------|-------|
| 15 | Søndag | 09.35 | G14-A1 | NR.1 G14-1 | NR.2 G14-2 | |
| 15 | Søndag | 10.10 | G14-A1 | NR.1 G14-3 | NR.2 G14-4 | |
| 07 | Søndag | 11.05 | G14-A1 | NR.1 G14-1 | NR.1 G14-5 | |
| 15 | Søndag | 12.05 | G14-A1 | NR.2 G14-2 | NR.1 G14-5 | |
| 15 | Søndag | 12.30 | G14-A1 | NR.1 G14-1 | NR.2 G14-4 | |
| 15 | Søndag | 13.05 | G14-A1 | NR.2 G14-2 | NR.1 G14-3 | |
| 15 | Søndag | 15.25 | G14-A1 | NR.1 G14-1 | NR.1 G14-4 | |
| 15 | Søndag | 16.00 | G14-A1 | NR.2 G14-2 | NR.2 G14-4 | |
| 14 | Søndag | 18.20 | G14-A1 | NR.1 G14-3 | NR.1 G14-5 | |
| 07 | Søndag | 20.35 | G14-A1 | NR.2 G14-4 | NR.1 G14-5 | |
